

ÅRSRAPPORT 2018

Sogn og Fjordane

Til: Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Frå: Rune Fromreide, IN Vestland
Dato: 24.01.2019

0 GENERELT

Denne rapporten inneheld ein oversikt over løyvingar av alle Innovasjon Norge sine verkemiddel til bedrifter i Sogn og Fjordane i 2018.

Sum løyvingar (i 1000 kr):

Verkemiddel	2016	2017	2018
Tilskot	124 839	128 162	150 193
Lån/garanti	207 300	202 700	245 880
SUM	332 139	330 862	396 073

Forbruket i 2018 har vore høgare enn dei siste åra, både når det gjeld tilskot og lån.

1. LØYVINGAR ETTER VERKEMIDDEL

Denne statistikken er inndelt som følgjer:

- Regional utvikling kap. 551.60, 61 og 62
- Bygdeutviklingsmidlar (IBU-midlar)
- Andre landsdekkande verkemiddel

Regional utvikling

Sum løyvingar av dei regionale utviklingsmidlane, Kap 551.60, 61 og 62 (sum i 1000kr):

Verkemiddel	2016	2017	2018
Risikolån	26 400	44 500	31 920
Distriktsutviklingstilskot	26 636	26 305	23 193
Garanti for lån	0	2 500	0
Etablerartilskot	3 415	5 880	5 800
Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift (post 61)	4 002	1 120	96
SUM	60 453	80 305	61 009

Det er noko lågare forbruk av dei regionale utviklingsmidlane enn i 2017, men etablerartilskot held seg på eit relativt høgt nivå.

Bygdeutviklingsmidlar, IBU-midlar

Sum løyvingar av regionale bygdeutviklingsmidlane (sum i 1000 kr):

Verkemiddel	2016	2017	2018
Tilskot	40 407	55 943	56 099

I tillegg til IBU-midlane er det løvd 6 MNOK til ein ekstraordinær ordninga «Tilskot til investeringsstøtte for landbruket».

Andre landsdekkande verkemiddel:

Sum løyvingar av andre verkemiddel (sum i 1000kr):

Verkemiddel	2016	2017	2018
Marknadslån	173 400	139 900	207 960
Landsdekkande risikolån	7 500	15 800	6 000
Landsdekkande innovasjonsprosjekt (tilskot)			277
Innovative næringsmiljø			1 000
Landsdekkande etablerartilskot (tilskot)	5 533	2 150	1 530
Reiseliv, profilering og kompetanse (tilskot)	750	956	1 125
Miljøprogrammet (tilskot)	20 775	22 270	29 860
Offentlege forskings- og utviklingskontraktar (tilskot)	6 350	3 600	12 100
Industriell forskings- og utviklingskontraktar (tilskot)	6 315	1 240	1 450
Administrasjonstilskot såkornfond	1 100	1 100	1 133
Bedriftsretta program i distrikta		95	382
Nasjonale tiltak, regional utvikling (tilskot)	2 746	1 382	153
Omstillingsprogrammet ved akutte endringar i arbeidsmarknaden			185
Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljø (tilskot)		1 375	4 300
Tilskot til investeringsstøtte for landbruket			6 009
Bioenergiprogrammet (tilskot)	330	4 355	1 430
Trebasert innovasjonsprogram (tilskot)	1 900		
Matprogrammet/lokalmat og grønt reiseliv (tilskot)	4 182		
Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping (tilskot)		375	3 647
Miljøvenleg skipsfart (tilskot)	400		350
Diverse tilskot	0	17	75
Sum	231 281	194 615	278 966

I 2018 har det vore fleire gode initiativ som har eit miljø og teknologisk innhald. Det har ført til at løyvingane frå miljøteknologiordningen og forskingskontraktar har auka monaleg, høvesvis 35 % og 181 %.

2. LØYVINGAR INNDELTE ETTER BRANSJE

Løyvingar etter bransje (i 1000 kr)

Bransje	År	Tilskot	Lån og garanti	Sum
Landbruk og skogbruk	2016	39 113	0	39 113
	2017	51 342	10 950	62 292
	2018	60 098	11 210	71 308
Fiskeflåte	2016	0	120 700	120 700
	2017	155	107 700	107 855
	2018	280	147 500	147 780
Havbruk	2016	7 685	500	8 185
	2017	4 420	19 000	23 420
	2018	16 682	1 000	17 682
Industri og bergverk	2016	35 713	6 700	42 413
	2017	40 946	41 250	82 196
	2018	32 482	83 500	115 982
Bygg og anlegg	2016	0	0	0
	2017	0	0	0
	2018	1 060	0	1 060
Reiseliv	2016	10 360	40 000	50 360
	2017	11 787	2 500	14 287
	2018	12 429	0	12 429
Andre tenesteytande næringar	2016	23 201	39 400	62 601
	2017	20 340	0	20 340
	2018	18 216	2 670	20 886
Andre bransjar, uspesifisert	2016	3 174	0	3 174
	2017	4 355	15 000	19 355
	2018	4 415	0	4 415
På tvers av bransje	2016	5 595	0	5 595
	2017	1 117	0	1 117
	2018	4 531	0	4 531
Sum	2016	124 839	207 300	332 139
	2017	128 162	202 700	330 862
	2018	150 193	245 880	396 073

Det har vore svært god pågang på søknader frå tradisjonelt landbruk i 2018. 75 verksemder i fylket, ei auke på heile 65 % frå 2017, fekk investeringsstøtte til tradisjonelt landbruk i 2018. Av desse var 20 fjøs for mjølkekyr, 13 fjøs for ammekyr, 20 fjøs for sau og 1 fjøs for geit. Dette er ein betydeleg auke frå 2017, med 49 løyvingar til tradisjonelt landbruk. Jamført med dei siste åra er det ein liten auke i satsing innan frukt og bær. På 28 gardsbruk har Innovasjon Norge støtta etablering av fruktfelt for nye og marknadsretta sortar og dekkjesystem til bringebær, medan det vart 23 fekk støtte i 2017.

Det er lånt ut betydeleg meir til fiskeflåten enn i 2017. Gode prisar og låg rente er med på å forsterke utviklinga og investeringsnivået. Tilskotsandelen til havbruksnæringa har også auka monaleg. IN har finansiert utviklingsprosjekt som går ut på å drive fiskeoppdrett i kontrollerte former i lukka system og oppdrett av nye typar havbruk som dyrking/ hausting av tang og tare.

Det har vore ein liten auke i tilskotsløyvingane til reiselivet i 2018. Satsinga på bedriftsnettverk held fram som dei siste åra. Nettverka består for det meste av opplevings- og aktivitetsbedrifter og hovudaktiviteten i nettverka har vore å styrke lønnsmda gjennom samarbeid om å tilby pakkar av opplevingar. For dei andre tenesteytande næringane har det vore ein liten nedgang i tilskotsløyvingane, men det er likevel eit brukbart nivå i høve dei siste år. IKT og digitalisering har vore dei dominerande områda.

Tilskot til industrinæringane er noko redusert i 2018, mens låneløyvingane har auka monaleg. IN har finansiert eit mangfald av forskjellige utviklingsprosjekt som har som felles at dei er innovative og har eit godt marknadspotensiale.

3. LØYVINGAR FORDELT ETTER PRIORITERT MÅLGRUPPE, KVINNER (i 1000 kr)

År	Tilskot	Lån og garanti	Sum
2016	57 720	8 000	65 720
2017	39 305	0	39 305
2018	34 997	7 710	42 703

Tilskot til kvinneretta prosjekt (dvs prosjekt kor kvinner er gründer, dagleg leiar, styreleiar) er ytterlegare redusert og utgjer 23 % av samla tilskotsløyving. Denne negative trenden har vart over fleire år. Som eit langsiktig tiltak for å bøte på utfordringane har IN sett i gang eit leiarkurs for kvinner i Sogn og Fjordane.

4. LØYVINGAR FORDELT ETTER GEOGRAFI (i 1000 kr)

Kommune	Tilskot	Lån/garanti	Sum
1400 Fylket	7 686		7 686
1401 Flora	22 160	8 750	30 910
1411 Gulen	489	8 170	8 659
1412 Solund	277	40 000	40 277
1413 Hyllestad	950		950
1416 Høyanger	4 350	6 700	11 050
1417 Vik	3 046		3 046
1418 Balestrand	2 300		2 300
1419 Leikanger	408		408
1420 Sogndal	12 000	2 000	14 000
1421 Aurland	3 185		3 185
1422 Lærdal	3 083		3 083
1424 Årdal	13 700	58 750	72 450
1426 Luster	15 684		15 684
1428 Askvoll	3 305	107 510	110 815
1429 Fjaler	1 550		1 550
1430 Gaular	1 764		1 764
1431 Jølster	4 096		4 096
1432 Førde	4 872		4 872
1433 Naustdal	6 632		6 632
1438 Bremanger	1 052		1 052
1439 Vågsøy	3 287	5 500	8 787
1441 Selje	4 525		4 525
1443 Eid	6 155		6 155
1444 Hornindal	2 400		2 400
1445 Gloppen	17 253	8 500	25 753
1449 Stryn	3 987		3 987
Sum	150 193	245 880	396 073

Bedrifter i alle kommunane i Sogn og Fjordane har fått støtte i 2018. Gloppen og Flora fekk mest tilskot, og dei største låneløyvingane gjekk til bedrifter i Årdal, Solund og Askvoll. Indre delar av fylket fekk mest tilskot, mens kysten fekk mest lån.

5. AKTIVITET I IN VESTLAND I HØVE SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNEN SINE FØRINGAR I OPPDRAGSBREVET.

Fleire gode gründerar

Vi gjennomførte seminaret «Frå Ide til marknad» tilsaman 5 gongar i 2018 i Førde, Florø, Stryn, Sogndal, Måløy og Sogndal. Møta blir haldne i samarbeid med lokal førstelineteneste. Omlag 80 deltakarar var med på arrangementa som er ei dobling frå 2107 og dei fleste av desse var gründerar. «Frå ide til Marknad» er Innovasjon Norge sitt tilbod til tidleg-fase-gründerar. I seminaret introduserte vi målgruppa for forretningsmodellering, Lean startup-metodikk og vi informerer om verkemiddel for etablerarar. Vi har også korte 1-til-1-møter med gründerar kor vi sparrar på forretningsideen. I tillegg til god informasjon til etablerarar, ser vi at dette tiltaket er viktig for eit godt samspel med lokal førstelineteneste og inkubatorane.

Det er vidareført endringar i IN sitt etablerartilskot med innføring av ei tydeligare faseinndeling med marknadsavklaringsstilskot (fase 1) og kommersialiseringstilskot (fase 2) samt oppstartslån. Til saman vart det innvilga 7,3 MNOK i etablerartilskot i 2018 som er noko lågare enn i 2017.

På kompetansesida er verkemidla Mentor og Springbrett effektive og relevante for gründerar. Vi løyvd 4 Springbrett og 16 mentortilskot.

Fleire vekstkräftige bedrifter

Fokus på vekstambisjonar og internasjonalisering

Innovasjon Norge prioriterer bedrifter med evne og vilje til vekst i mobiliseringsarbeidet og har eit spesielt fokus på bedrifter med internasjonale vekstambisjonar. Derfor køyrde vi også i år ein internasjonaliseringsdag på Skei. Manuel Kliese, leiar for IN sitt kontor i Tyskland, fortalte om forretningsmoglegheiter i det tyske marknaden, kva det er viktig å gjere av «heimelekse» før ein satsar i nye internasjonale marknad og kva IN sine utekontor kan bistå med. GIEK/Eksportkreditt og Eksportsenteret i IN hadde også innlegg denne dagen, og Lerum delte sine erfaringar med å satse på den svenske marknaden. Manuel Kliese gjennomførte også 7-8 kundemøter denne dagen. Vi hadde ein stad mellom 60-70 deltakarar på arrangementet.

IN Vestland arrangerte også ein kapitaldag i Førde for bedrifter frå fylket med vekstambisjonar. Vi valde i år å samarbeide med aktørane NHO, Aksello, Sogn og Fjordane Næringsråd og Kunnskapsparcken i Sogn og Fjordane for å få størst muleg tyngde i mobilisering og gjennomføring av arrangementet. Fokuset var regionale kapitalmiljø, og korleis ekstern kompetent kapital kan vere motor for vekst og utvikling. Vi hadde med Fjord Invest og representant for Sogn og Fjordane fondet frå eige fylke, og fekk besøk frå nabofylka våre i nord og sør gjennom dei regionale investormiljøa Novela AS, Tripod Capital Collective og Atlantis Vest AS. Connect Vest fortalte korleis dei jobbar med sitt Business Angel Network i Hordaland, og i forlenginga av dette vart det køyrt ein pitchesekvens der 7 investorklare bedrifter fekk presentere seg for investormiljøa nemnd over og fekk kommentarar på sin forretningside. Påmeldinga var enorm på dette arrangementet, over 100 påmeldte frå heile breidda av næringslivet deltok.

IN har i 2018 starta opp eit nytt FRAM-program for å effektivisere heile verdikjeda/prosessar i byggenæringa. Sju bedrifter deltek i programmet. Det er lagt opp til 5 fysiske samlingar og arbeid i enkeltbedriftene mellom samlingane. Segel AS v/ Trond Håvik har prosjektleiaransvaret. Parallelt med dette prosjektet jobbar Jatak ilag med kompletterande bedrifter innan byggenæringa med å digitalisere byggeprosessen. Dei har ambisjonar om å få opp eit fysisk pilotbygg basert på ein digital fellesplattform/-prosess.

Når det gjeld auka bruk av FoU i næringslivet er det i 2018 løyvd midlar til tre Bedrifts PhD-ar.

Bedrifts-PhD er eit verkemiddel for kompetanseutvikling der målsetting er at dette skal munne ut i eit hovudprosjekt gjennom Forskningsrådet sitt program Nærings-PhD (doktorgrad). To av bedrifts-PhD-ane er knytt opp mot storsatsinga Måløy Marine Ressurssenter (MMR), og den tredje er knytt opp mot Sitep og Industri 4.0 - prosjektet.

I tillegg vil vi trekke fram Vitensenteret som er under utvikling på Industriområdet på Kaupanger. Her har IN bidratt i forprosjektfasen, og HVL bidreg inn med personalressursar.

KIFT-Kunnskapsintensiv Forretningsmessig Tenesteyting

KIFT er eit av satsingsområda i fylket sin verdiskapingsplan, og IN prioriterer bedrifter innanfor kunnskapsintensive næringar. IN løyvde i 2018 totalt kr 18,2 mill. kr i tilskot til denne sektoren. IN fokuserer i dag på seks mulegheitsområde; reiseliv, energi/miljø, havrommet, helse&velferd, bioøkonomi og smarte samfunn. Vi finn KIFT-bedrifter innanfor mange av desse områda.

Fleire innovative næringsmiljø

Bedriftsnettverksvirkemidlet i Innovasjon Norge er viktig i arbeidet med å utvikle innovative næringsmiljø. Dette er ei ordning som skal bidra til etablering av strategiske og kommersielle samarbeid mellom bedrifter. I 2018 vart det løyvd bedriftsnettverksmidlar til Nordplan-miljøet på Eid og Sitep-miljøet (med base i Årdal men som har ambisjon om å vere fylkesdekkande). Verkemiddelet er tradisjonelt mykje nytta innanfor reiselivsbransjen, men der vart det ikkje sett i gang nye bedriftsnettverk i 2018.

Arbeidet med bedriftsnettverk og klyngeprogram nådde ein milepæl i 2018 då Hydrogenprosjektet Ocean Hyway Cluster med base i Florø fekk Arena-klynge status. Klynge skal femne om bedrifter som er kopla opp mot hydrogenbruk i dei havbaserte næringane. Hensikten med satsinga er å sikre at Norge blir leiande i verda på bruk hydrogen som energiberar.

IN Vestland avd. Sogndal har no hatt tilhaldsstad i innovasjonsbygget på Fosshaugane Campus i eitt år, der vi er lokalisert i same etasje som Sogn Næring og Kunnskapsparken Sogn og Fjordane. Denne samlokaliseringa har gitt synergjar gjennom fellesaktivitetar og gjennom enno tettare dialog i arbeidskvardagen med dei andre aktørane på bygget.

Reiseliv

IN Vestland har ansvar for den bedriftsretta satsinga i den tidlegare reiselivsplanen for Sogn og Fjordane, no del av Verdiskapingsplanen. Målet for arbeidet er å bidra til auka verdiskaping i reiselivsbedriftene i fylket. Samhandling og nyskapande produktutvikling er hovudfokus for den bedriftsretta reiselivssatsinga, med tre prioriterte tiltak: bedriftsnettverk med opplevingskonsept, tilrettelegging av møtestader, samt kompetanseheving av reiselivsnæringa.

I 2018 har vi halde fram fokuset på å styrke eksisterande nettverk. I løpet av 2018 har tre nettverk avslutta det formelle arbeidet finansiert av IN og står no på eigne bein. Pr i dag er det 9 nettverk som arbeider aktivt saman for å utvikle marknadsretta, pakkerte produkt og elles koordinera produktportefølja. Dei fleste nettverka er aktivitetsbaserte og i samsvar med NCE Tourism sine prioriterte satsingar. Fleire supplerer tilboda med lokalmatopplevingar og kulturopplevingar ved å pakketere på tvers av sektorar. Vi ser at viljen til samarbeid er aukande i bransjen. I mai 2018 vart det gjennomført ei nettverkssamling med fokus på oppfølging av arbeid på førre samling (kva kan vi gjere i fellesskap), sentrale prosjekt i NCE Tourism, digitalisering og framtidig etterspurnad. 20 representantar frå 11 nettverk deltok.

I nov 2018 blei konferansen «Framtidas reiseliv» arrangert med fokus på faktorar som på ulike vis påverkar føresetnadane for eit framtidig berekraftig reiseliv. 105 deltakarar stilte, hovudsakleg frå

reiselivsnæringa, men óg frå destinasjonsapparat, undervisningssektoren (elevar vgs) og offentleg sektor.

Det vart ikkje gjennomført kompetansehevande kurs i fylket i 2018. Destinasjonsselskapa er opptekne av kompetanseheving, men dette har blitt nedprioritert grunna ressurs- og kapasitetssituasjonen.

Strategisk forskingsprogram for reiselivet er inne i sitt 5. år med delfinansiering frå IN. Den mest konkrete effekten vi ser pr i dag er den avgjerande verdien programmet har for etableringa av eit masterstudium innan reiseliv ved Høgskulen på Vestlandet, avd Sogndal. Det ligg no godt til rette for å kunne oppnå masterstatus på eit nytt studie. IN har delfinansiert programmet og er med i styringsgruppa.

IN er oppteken av berekraft og stiller krav til alle nye søknader/ prosjekt i høve dette. Visit Sognefjord gjekk nyleg inn i hovudprosjektfase for sertifisering til «Merket for berekraftig reisemål» i kombinasjon med prosess for Reisemålsutvikling. Dette er ei omfattande satsing med ei rekkje konsekvensar og som involverer ei brei rekkje aktørar.

Energi og miljø

Bedrifter frå Sogn og Fjordane fekk i 2018 30 MNOK til 9 prosjekt innanfor Miljøteknologiordninga. Dette er det høgaste årlege beløpet som er innvilga frå denne ordninga til bedrifter i fylket. Prosjekta varierer i storleik frå 0,5 mill. kr til 15 mill. kr i tilskot. Prosjekta spenner vidt og er innanfor områda solenergi, maritim, marint, avfall og olje/gass. Havlandet RAS Pilot AS fekk 15 mill kr i tilskot til pilotprosjekt for testing av landbasert matfiskproduksjon av laks i RAS-anlegg. Norsun AS fekk 10 mill kr til utviklingsprosjekt for å styrke og vidareutvikle ingot- og waferproduksjonen.

Green Innovation Network på Nordfjordeid er innvilga støtte til etablering av eit hovudprosjekt for bedriftsnettverk. Målet med nettverket er å utvikle og tilby tverrfagleg kompetanse innan grøne energieffektive løysingar.

Arbeidet med å etablere ei hydrogenklynge i Sogn og Fjordane vart i november beløna med Arena-status. Arena-klynga har fått namnet Ocean Hyway Cluster. Klynga skal femne om bedrifter som er kopl opp mot hydrogenbruk i dei havbaserte næringane. Formålet med satsinga er å arbeide for at Norge vert leiande i verda på bruk av hydrogen som energibærer.

Det er løyvd støtte til eit prosjekt til gardsvarmeanlegg næring frå verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket.

Sjømatnæringane

Oppdrett av laks og aure er for tiden svært lønsamt, men næringen slit med å vekse innan dei tradisjonelle opne sjøbaserte systema på grunn av store problem med lakselus og sjukdom. Næringa har hatt stabilt anslagvis 30 prosent svinn (dødelegheit og destruksjon) under smoltproduksjon og 14 - 20 prosent dødelegheit i sjø i løpet av dei siste 10 åra. Produksjonskostnadene har auka dramatisk og er no på eit historisk høgt nivå. For å utvikle eit meir berekraftig og vekstkraftig oppdrett må næringen få bukt med problema knytt til lus og sjukdom. Innovasjon Norge er involvert i fleire utviklingsprosjekt som har som mål å gjere det muleg å drive oppdrett i meir kontrollerte former i lukka system, enten på land eller lukka i sjø / til havs. Eit av desse prosjekta er Havlandet sin RAS pilot lokalisert på Fjordbase i Florø som fekk eit tilskot på kr 15 mill. frå Innovasjon Norges miljøteknologiordning i 2018. Målet med pilotprosjektet er å utvikle ny kunnskap om drift av RAS anlegg som grunnlag for ei seinare storskala satsing. Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med FoU partner UNI Research, teknologileverandør AquaOptima m.fl.

Med bakgrunn i fokuset og dei mange initiativa som no er på berekraftsutfordringane innan akvakultur, har Innovasjon Norge finansierte eit bedriftsnettverksprosjekt gjennom selskapet Akvahub i Hyllestad.

Dette er eit nettverk med betydeleg kompetanse innan akvakultur, som til dømes fiskehelse, teknologi, marin biologi mm og med kopling til BTO-miljøet i Bergen. Innovasjon Norge opplever at det kjem opp mange, både parallelle og ulike initiativ, og at det er behov for ei sterkare koordinering. Mange enkeltaktørar har gode prosjektidear, men manglar tilstrekkeleg kunnskap og kapital til å realisere. Sterkare koordinering og samarbeid på tvers skal bidra til sterkare gjennomføringskraft. Akvahuib har også mottatt tilskot for å kartlegge grunnlaget for ei ny verdikjede som produserer energi og resirkulerer næringsalta som finst i fiskeslam (avfall frå lukka, landbaserte anlegg).

Innovasjon Norge har også finansiert mentorstøtte og to bedrifts PhD for å styrke FoU aktivitet og forretningsutvikling innan ulike deler av marin sektor. Bedrifts PhD prosjekta er forankra i det nyetablerte FoU senteret innan marin sektor i Måløy (Måløy Marine Ressurssenter – samarbeid mellom bedrifter, NMBU og Måløy Vidaregåande skule).

I 2018 har aktiviteten innan fiskeflåten vore oppretthelde på eit høgt nivå og fangstinntektene har vore gode. Det har vore bra aktivitet med lån til fiskeflåten første halvår, med innvilga lån på ca 150 MNOK, som har gått til kjøp av fartøy og kvoter. I løpet av 2018 har kvoteprisane stabilisert seg og etterspurnaden etter nye marknadslån har vore liten siste halvår.

Kommuneretta arbeid

IN er rådgjevar for førstelinetenesta i kommunane når det gjeld handtering av kommunale næringsfond. Det har mellom anna vore gjennomført opplæring for kommunane i sakshandsaming av næringsfondssaker.

IN saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune spelar også ei viktig rolle i arbeidet med dei kommunane som vert definert som omstillingskommunar. Den einaste kommunen som no er omstillingskommune er Lærdal. Dei avsluttar programmet første halvår 2019. Då vert det gjennomført ei sluttevaluering som viser om kommunen er blitt ein betre tilretteleggar for det lokal næringslivet og om programmet har nådd sine mål.

Kulturnæringar

Innovasjon Norge sitt kompetanseprogram «Bygg Bedrift for kultur- og kreative næringar», som er ein del av IN si satsing på kulturnæringane, starta opp i 2017 og vart avslutta i februar 2018 med 10 deltakarar. Det var Lean Business i Bergen som køyrde dette kurset i samarbeid med BRAK og Innovasjon Norge. Programmet har fokus på forretningsutvikling, med mål om å kunna byggja ei lønnsam bedrift med base i sin eigen kreative kompetanse. Sjølv om dette programmet har vore etterlyst her i fylket, så var det ein tung prosess med å få rekruttert deltakarar. Dei deltakande bedriftene var derimot svært nøgde med opplegget og har i ettertid fremja ynskje om å få til ei ekstra samling for å kunna utveksla erfaringar m.m. Fleire bedrifter vart også kopla saman gjennom dette programmet og har innleia samarbeid.